

## Referat frå ID-møte, Høgskulen på Vestlandet

Videomøte, tysdag 22.11.16, 13.00–15.00

### Til stades:

Alvhild A. Bjørkum (FF, HiB, vara for Hinna), Marit Breivik (NSF, HiB), Mari Engesæter (UF, HiSF), Joanna Galek (NSF, HiSF), Giselda di Giovanni (LO/Stat, HiB), Torunn Herfindal (UF, HiB), Sylvi Haavik (HVO, HSH), Einar Georg Johannesen (HVO, HiB), Kari H. Jørgensen (Parat, HiB), Gisle Y. R. Kleppe (FF, HSH), Jan Morten Loftesnes (UF, HiSF), Pål A. Olsen (Akademikerne, HiB), Ståle B. Pettersen (Akademikerne, HSH) Joar Sande (Akademikerne, HiSF), May Britt Sandstå (Parat, HSH), Reidun Stavland (NSF, HSH), Britt Totland (Parat, HiSF), Tove Uglum (LO/Stat, HiSF), Ingebjörg Vikesland (HVO, HiSF), Svein Erik Wang (NTL, HSH), Tage Båtsvik (arbeidsgjevar), Audun Kjørstad (referent).

Breivik, Engesæter, di Giovanni, Jørgensen og Herfindal (alle HiB) forlét møtet kl. 13.55.

Båtsvik opna møtet og ynskja velkomen. Kjapp presentasjonsrunde for å identifisere deltakarane. Ingen saker meldt til eventuelt.

**Protokollmerknad frå Bjørkum/FF:** «Det er uakseptabelt at man velger å opprettholde møtetidspunkt for ID-møtet når 5 (fra HiB) sitter i lokale lønnsforhandlinger. Det ble på et tidlig tidspunkt meldt inn et ønske om å endre tidspunktet.»

### Orientering om prosjekt innplassering

Sonja Dyrkorn orienterte. Agenda Kaupang vert ekstern rettleiar i prosjektet. Sak om kompetansekrav og innstillingsutval til nivå 1 og 2 går til interimsstyret i desember. Saka kjem attende til IDF-møtet. Ny orientering om saka planlagt til temamøte 06.12.

Spørsmål om tillitsvalte si rolle i prosessen framover. Ved å hekte på tillitsvalde tidleg kan ein unngå forviklingar seinare i løpet. Fornuftig med omstillingskontor med tre personar frå kvar høgskule, men viktig at desse er heilt samkørde, slik at ikkje same spørsmål kan gje forskjellige svar.

### Omstillingshandbok

Egil Almås orienterte på vegne av KA-personal. Ein omstillingsavtale for HVL må ligge føre som grunnlag for ei omstillingshandbok. Ein legg opp til seks partar og eitt hovudverneombod i prosessen. Ynskjeleg at organisasjonane peikar ut to-tre personar som kan delta i ei førebuande arbeidsgruppe dei neste vekene. Utpeiking so fort som mogleg.

Det vart stilt spørsmål ved vekting av kvalifikasjonsprinsippet over ansiennitetsprinsippet, då sistnemnde tek høgd for mykje kunnskap som ikkje kan målast i diplom eller attestar, men gjennom kunnskap og eigenskapar ein har opparbeidd seg gjennom mange års røynsle i sektoren. Almås svara at ein baserer seg på gjeldande regelverk og erfaringar frå HSN, og understreka at rettsprinsippet òg er ein del av likninga.

Er det planar om å opprette omstillingskontor som i sak om innplassering av leiarar? Båtsvik svara at dette er ein god tanke, men at staben då gjerne bør vere større, sidan det kan vere snakk om ei langt større gruppe som skal innplasserast. Spørsmålet kan takast opp på nytt når innplasseringsprosjektet kjem i gong.

## **Sundagsopen campus (Kronstad, Bergen) (meldt inn av FF)**

Vore oppe i HiB sitt styre fleire gongar. Felles ID-møte er ikkje riktig arena for dette spørsmålet i denne omgang.

## **Tidsressursar til tillitsvaldarbeid (meldt inn av FF)**

Stort meirarbeid knytt til fusjon. Dei 60 timane ein har vorte tildelt er ikkje tilstrekkeleg, og for somme tillitsvalde går mykje av dette til reisetid åleine. Tillitsvalde ynskjer å gjere ein god jobb, men det er utfordrande når ein slit med å få tida til å strekke til. Oppmoding om at det vert lagt press på lokale leiarar for å skape forståing om at tillitsvalde må få nok tid til å skjømte verva sine på forsvarleg vis. Ressursane må samsvare med den faktiske arbeidsmengda.

Båtsvik svara at dette har vorte adressert tidlegare, men at ein gjerne kan gjenta oppmodinga om å frigje arbeidstid til tillitsvaldarbeid, slik at ikkje den einskilde tillitsvalde må ta debatten med næraste leiar åleine. Denne meldinga må gå i lina til alle med personalansvar.

## **Saker til styremøte 03/16**

Båtsvik gjekk gjennom sakslista, og tillitsvalte kommenterte fortløpande.

### **024/16 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Ingen merknadar.

### **025/16 Orienteringssaker**

I saker med vedtaksordlyd «med dei merknadar som kom fram i møtet» må merknadane vere skriftleggjorte.

### **026/16 Tilsetting av rektor (u.off.)**

Saker som er unnateke offentlegheita vert ikkje lagt fram på ID-møte i forkant av styremøte.

### **027/16 Etablering av klagenemnd**

Ingen merknad.

### **028/16 Etablering av skikkavurderingsnemnd**

Ingen merknad.

### **029/16 Etablering av sentralt arbeidsmiljøutval**

Når det skal nemnast opp permanente/faste råd og utval er det viktig at dei tillitsvalte vert hekta på for å sikre eit breitt utval av personar som kan gå inn i nemndene.

Fram til eit endeleg organisasjonskart med lokale leiarar kjem på plass er det vanskeleg å sjå korleis dei lokale arbeidsmiljøutvala skal kunne fungere ordentleg. Båtsvik svara at meir kjem på plass når mellombels delegasjonsreglement vert vedteke i desember, men at det vil vere naturleg å bruke mellombels leiing som representantar for arbeidsgjevarrepresentantar.

### **030/16 Mellombels organisering 2017**

Ynskje om at desse modellane hadde vorte drøfta med dei tillitsvalde i forkant.

Spørsmål om tittel og funksjon: studieprogramansvarleg eller mellombels dekan? Båtsvik svara at tittel og funksjon vart diskutert i prosessen med å utgreie saka. Ein landa på

midlertidig dekan for å tydeleggjere at vedkomande har dekanfullmakter i den einaste felles utdanninga HVL har den fyrste tida.

Spørsmål om representasjon frå tillitsvalde i digitaliseringsprosjektet. Det kjem ei styresak om eit hovudprosjekt for digitalisering, og der er det naturleg at dei tillitsvalte vert inkluderte.

Spørsmål om korleis ein sikrar at dei personane som går inn som mellombelse i overgangsfasen ikkje får fortrinnsrett når det faste systemet skal etablerast. Her er det viktig at ein er profesjonell og ryddig. Det er mange mellombelse på forskjellige nivå i denne og den komande fasen, men funksjonstida deira er avgrensa.

#### **031/16 Mellombels organisering av grunnskulelærerutdanninga (GLU)**

Den tillitsvalte som skal jobbe med dette må peikast ut so fort som mogleg. Arbeidet med utlysinga tek til allereie onsdag 23.11.

#### **032/16 Innplassering av leiarar**

Ingen merknad.

#### **033/16 Statusoppdatering: fusjonsprogrammet**

Ingen merknad.

#### **034/16 Status for infrastruktur og areal, Høgskulen på Vestlandet**

Ingen merknad.

#### **035/16 Revidert møteplan, våren 2017**

Ingen merknad.

#### **Eventuelt**

Ingen saker meldt.

Neste møte er temamøte i Bergen 6. desember. Møtet vart heva 14.50.